# Notat

Oppdragsgjevar: **Dommersnes AS**

Oppdragsnr.: **52307133** Dokumentnr.: **ARP17:J02**

**Til:** Vindafjord kommune

**Frå:** Peter Sonnenberg

**Dato** 2026-03-02

# Notat

Norconsult

Oppdragsgiver: Dommersnes AS
Oppdragsnr.: 52307133   Dokumentnr. ARP17_J03

# 1 Notat: Oppsummering av mottekne merknadar og uttale

## *1.1 Liste/oversikt: datert 29-08-2025, etter DMF sin 2. uttale av same dato*

# Notat

Oppdragsgiver: Dommersnes AS
Oppdragsnr.: 52307133   Dokumentnr. ARP17_J03

- 2025-02-24_Bevar Ålfjorden Perle_Merknadar_til_planframlegg_643204_1_A_2465028.pdf
- 2025-02-24_Fagne AS_v_Øystein Melbo_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_de_p__Dommersnes_643277_1_A_246...
- 2025-03-05_Brit Haaland_epost_Hoeyringsuttalelse_Dommersnes_Windafjord_Port_644762_1_A_2472579.pdf
- 2025-03-05_Oliver Einarsen_Windafjord_port_(H_YRINGSUTTALE)_644764_1_A_2472579.pdf
- 2025-03-06_Rolf Julsrud_Svar_p__sp_rsm_l_om_h_yring_av_reguleringsplan_Dommersnes_644729_1_A_2475931.pdf
- 2025-03-08_Gro Lid_nr.118.pdf
- 2025-03-10_Hilde Vethe Styve_Hoeyringsuttale_ang_Windafjord_Port_si_utbygging_p__Dommarsnes_645437_1_A_2475064....
- 2025-03-19_J M Svendsboe_Merknadar_til_planframlegg_for_industri_og_hamneomr_det_p__Dommersnes_Vikebygd_fr__Jo...
- 2025-03-27_Hilde Berge Kringstad_Merknad til detaljregulering for industri_Dommersnes.pdf
- 2025-03-31_NVE_si_uttale_Offentleg_ettersyn_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_de_p__Dommersnes_Vindafjord...
- 2025-03-31_Olga Lisbeth Tønnesen_Hoeringsinnspill_til_kommuneplan_Dommersnes_651458_1_A_2487220.pdf
- 2025-04-01_Bergitte T. Andersen_Innspel_kommuneplan_Dommersnes_651547_1_A_2488042.pdf
- 2025-04-04_Kystverket_Uttale_til_detaljregulering_Dommersnes_Vindafjord_kommune_Rogaland_fylke_652263_1_A_24913...
- 2025-04-08- Kirsten Bakkevig og Odd Steinsholt_Merknad_til_planene_til_Windafjord_port_652521_1_A_2492846.pdf
- 2025-04-08_May Britt Vikingstad_Merknader_til_planframlegg_Dommersnes_i_Vikebygd__652518_1_A_2492846.pdf
- 2025-04-09_Ivar Persvangen Ødegård_Merknad_til_planforslag_652519_1_A_2492846.pdf
- 2025-04-10_Kjell Erik Gangstø_Tilsvar_Reguleringsplan_Dommersnes_Industriomr_de_Svarfrist_22_04_2025_653227_1_A_24...
- 2025-04-11_FNF_Uttale_til_detaljeregulering_for_Dommersnes_industri_og_havneomr_de_653563_1_A_2495403.pdf
- 2025-04-14_Merknad_fra_HIM_til_Offentleg_ettersyn_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_de_p__Dommersnes_653...
- 2025-04-14_Ramunas Lankutis_nr. 121.pdf

- 2025-04-14_Steffen Kristensen Merknad_til_detaljregulering_for_Dommersnes_1_654678_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-14_Terje Framnes_Merknad_til_detaljregulering_for_Dommersnes_654680_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-15_Ingrid Mathilde og Kåre Johan Sørvåg_nr. 73.pdf
- 2025-04-17_Elin Magndalena_ K. Mæland_Merknad_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_...
- 2025-04-17_Silje Lande Merknad_A_til_forslag_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr__Dommersnes_Plan_ID_1160...
- 2025-04-19_Anna Elisabeth Nordbø_A_Hoeringsuttalelse_til_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_pla...
- 2025-04-19_John Magne Svendsbøe_A_Ytterlegare_merknader_til_planframlegg_Dommersnes_e_654988_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-20_Berit Apeland Lilleås_Merknad_til_hoering_Dommersnes_654989_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-20_Bjørg Danielsen Jølbo og Ove Jølbo_Merknad_reguleringsplan_Dommersnes_655035_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-20_Mona Akdsal og Vidar Maurangsnes_Merknad_til_forslag_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dom...
- 2025-04-20_Per Mikal Hauge_nr.80.pdf
- 2025-04-20_Siv Bente og Martin Larsen_Eining_Areal_og_forvaltning_Merknad_til_detaljregulering_for_Dommersnes_65502...
- 2025-04-21_Alf Lindø_nr. 83.pdf
- 2025-04-21_Haugaland Klatrelag_Hoeringsuttalelse_detaljregulering_Dommersnes_655245_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-21_Ingunn Beate Omdal Jensen_Merknad_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_1...
- 2025-04-21_Jahn Anfin Tonjer__MERKNAD_TIL_PLAN_ID_1160_2023_08_WINDAFJORD_PORT_DOMMERSNES_INDUSTRIOM...
- 2025-04-21_Jon Terje Aksland og Birte S. B. Kvam_Merknad_til_planforslag_for_Dommersnes_industriomr_1026A_(gnr_332_...
- 2025-04-21_May Britt og Kjetil Vikingstad_Merknader_til_planframlegg_for_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Do...

- 2025-04-21_Reidun Nesvik og Gunnar Birkeland_storfamilien_Merknad_til_detaljregulering_655052_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-21_RFK_Uttale_Vindafjord_kommune_detaljregulering_industri_og_hamneomr. Dommersnes_655342_1_A_249927...
- 2025-04-21_Tor Dagfinn Dommersnes_A_Protest_mot_vandalisering_av_Vikebygd_og_Dommersnes_654897_1_A_2498441....
- 2025-04-21_Tron Kjetil Frølland Protest_til_forslag_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_11...
- 2025-04-21_Vikebygd Grendautvalg_Uttale_konsekvensutgreiing_Dommersnes_655048_1_A_2498441.pdf
- 2025-04-22_Alida Frøvik Svendsbøe_Merknad_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_1160_...
- 2025-04-22_Arne M Svendsbøe_Hoeringsuttale_vedr_detaljregulering_for_industri_og_hamn_Dommersnes_Vikebygd_6552...
- 2025-04-22_Åshild Lid_Merknad_til_forslag_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_1160_202...
- 2025-04-22_Bevar Ålfjordens Perle_Felles_merknader_ 66 sign_mot_planframlegg_for_Windafjord_Port_detaljregulering_for...
- 2025-04-22_Edvin Aarak og I.L. Tveiten_Hoeringsuttalelse_Detaljregulering_for_industri_og_havneomr._Dommersnes_Plan_I...
- 2025-04-22_Ellen Amundsen_Merknad_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_1160_2023_0...
- 2025-04-22_Gunnar Birkeland_B_Reguleringsplan_på_Dommersnes_655155_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-22_Hanna Frøvik Svendsbøe_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_de_p__Dommersnes__655268_1_A_2499...
- 2025-04-22_Ingvild M Birkeland_Merknad_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_1160_202...
- 2025-04-22_Kristin Ove Skare_Merknad_til_detaljregulering_655258_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-22_Linda Frotjold_nr. 117.pdf
- 2025-04-22_Olav Fostenes Knutsen_Merknad_til_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_Dommersnes_Plan_ID_1160_2...
- 2025-04-22_Sonja Bjørkenes_Innspel_Dommersnes_utbygging_655271_1_A_2499273.pdf

# Notat

Norconsult

Oppdragsgiver: Dommersnes AS
Oppdragsnr.: 52307133   Dokumentnr. ARP17_J03

- 2025-04-22_Sør-Norges Fiskarlag_Vindafjord_Dommersnes_detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_uttale_655085_1_...
- 2025-04-22_SVegvesen_Uttalelse_Offentleg_ettersyn_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr._Dommersnes_Vindafjor...
- 2025-04-22_Terje Dommersnes_Gjeld_planforslag_til_Windafjord_Port_og_til_arealplan_med_utvidelse_av_Windafjord_Port_...
- 2025-04-22_Thor Kenneth Reinertsen_Høringsuttalelse_Dommersnes_655262_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-22_Veigruppe i Vikebygd Grendautvalg_Utale_til_ny_reguleringsplan_for_Dommersnes_industriomr_de__655265_1...
- 2025-04-23_Alice Frøvik_Hoeringsuttale_655253_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-23_BAP_67 signaturer_Felles_merknader_og_protestar_mot_planframlegg_for_Windafjord_Port_detaljregulering_fo..
- 2025-04-23_Kari Amundsen_Innspel_til_detaljregulering_p__Dommersnes_Plan_ID_1160_2023_08_655250_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-23_Magny og Asbjørn Erdal_Windafjord_Port_kommentar_655267_1_A_2499273.pdf
- 2025-04-23_Paula Agnete Nordbø_Høringsuttalelse_til_Detaljregulering_for_industri_og_hamneomr_det_p__Dommersnes_p.
- 2025-04-28_Oversending av innkomne merknader til konsulent frå Vindafjord kommune.pdf
- 2025-04-28_Statsforvaltaren_sin uttale.docx
- 2025-04-28_Statsforvaltaren_sin uttale.pdf
- 2025-04-29_Oversending av innkomne merknader til konsulent_uten vedlegg.pdf
- 2025-04-30_Fiskeridirektoratet_fråsegn.pdf
- 2025-05-06_DMF_Fråsegn reguleringsplan for Dommersnes industriområde i Vindafjord kommune_.pdf
- 2025-08-29_DMF_Vurdering av minerallovens saklige virkeområde for uttak av masser ved Dommersnes.pdf

# 1.2 OPPSUMMERING AV UTTALAR FRÅ MYNDIGHEITER TIL PLANFORSLAG ETTER HØYRING – KRONOLOGISK LISTE

### 1.3.3 NVE, datert 31.03.2025

| INNHALD | KOMMENTAR |
|---|---|
| *«Ved varsel om oppstart av planarbeid hadde NVE innspel om vassmiljø og vassuttak til prosessvatn/ kjøling, tilgang på kraft, kvikkleire og flaum. Våre merknader er svart ut i plandokumenta.»* | Ingen |
| *«I følgje planskildringa er det per i dag ikkje konkrete kundar som tilseier at det er behov for uttak av grunnvatn som overstig meldeplikta på 100 m3/døgn. Vi tek det til etterretning.»* | Det er lokal vassforsyning frå før. Dersom dagens vassforsyning til kringliggjande område må endrast som følgje av utbygging, kan lokal vassforsyning bli endra/utbygd i samsvar med «rammeplan av VAO» og i samarbeid med kommunen. |
| *«Windfjord Port vil ha behov for 5 MW straum-forsyning til feltet. I følgje planskildringa er det ikkje kapasitet til dette i eksisterande nett og det må utgreiast tiltak for nettforsterkingar.»* | I tidleg fase ble eit behov på 5MW nemnd som det ikkje er kapasitet for. Tiltakshaver har avklart at det er tilstrekkeleg med opp til 2 MW straumforsyning til området. – Eit eventuelt større behov må avklarast med Fagne slik at søknad om konsesjon da kan utarbeidast. |
| *«Vi har ingen vesentlege merknader til planen.»* | **Ingen endringar av plandokument som følgje av uttale.** |
| Påminning av innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiinger. | Norconsult melder inn/registrerar sjøl om undersøkingane ble utført før 1.1.2025 som er tidspunkt for dei nye krava. |

### 1.2.1 Kystverket, datert 04.04.2025

| INNHALD | KOMMENTAR |
|---|---|
| *«På grunn av tidligere aktivitet med oppankring av arealkrevende offshore installasjoner, har Kystverket registrert riggområdet i Ålfjorden. I forslaget til plan er dette området foreslått utvidet mot øst/ land og sørover med arealformål riggområde, jfr. utsnitt over.* | *Ingen* |
| *Kystverket har ikke motforestillinger til at arealet utvides i tråd med skissert behov forutsatt at bruken av området ikke kommer i konflikt med ferdselen og navigasjonsveiledningen i farvannet.»* | *Ingen* |
| *«Oppankring av lektere med vindturbiner i ulike faser er blant tiltakene som vil kreve tillatelse i medhold av lov om havner og farvann (hfl), som er fulgt opp i planbestemmelsene. I vedtak fra Kystverket etter hfl vil det blant annet bli stilt krav til merking og kunngjøring.»* | *Dette er innarbeidd i føresegner, sjå punkt 2.3. punkt 7.2 og punkt 7.3.* |
| *«Vi har faglig råd om endring av bestemmelse pkt.7.2.1 Riggområde til Innanfor området er det tillate med våtlagring og anna aktivitet som er direkte knytt til den industrielle aktiviteten på land når dette ikke kommer i konflikt med ferdselen.»* | *Vi synst at denne tilføyinga er lite presis og ikkje gjev den naudsynte «førehandsavklaring» som ein strevar etter i reguleringsplanen. Det er laga fagrapport som punkt 2.3.2 viser til.*<br>*Føresegn 7.2.2 til 7.2.5 inneheld naudsynte presiseringar til riggområde i sjø som er omforeint med krav frå Statsforvaltaren.* |
| *«Vi har også faglig råd om at det under pkt. 2.6. Belysning tilføyes en bestemmelse om at det er ikke tillatt med belysning innenfor planområdet som er til sjenanse for ferdselen på sjø. Dette er med tanke på nattseilas.»* | *Føresegn 2.6.1 er endra slik at belysning av kai- og riggområde skal godkjennast av Kystverket, slik at føresetnaden og myndigheit er klart definert. Hensikten er trygg belysning til dei pågående aktivitetane.* |

### 1.3.4 Rogaland Fylkeskommune, datert 21.04.2025

| INNHALD | KOMMENTAR |
|---|---|

| | |
|---|---|
| Det visast til innleiande dialog ifm. Planprogram, planoppstart og drøfting i planforum. *«Mykje har vorte avklart gjennom denne dialogen, og vi kan sjå at det er ivareteke i planarbeidet.»* | Ingen |
| *«Byggjegrenser skal ikkje teiknast inn i plankartet på LNF formål sidan LNF-område i utgangspunktet er underlagde eit generelt byggje- og anleggsforbod. Dette må rettast i plankartet før slutthandsaming av planforslaget..»* | **Plankartet er retta og byggjegrenser i LNF-område fjerna, likeså innanfor BFF1 som ikkje tillet nye bygg med unntak av gjennomoppføring innanfor dagens fotavtrykk, vist som byggjegrense.** |
| *«Alle tiltak som vedkjem fylkesvegnettet skal ha ein teknisk utforming i samsvar med krav i gjeldande handbøker «N100 Veg- og gateutforming» og «V121-geometrisk utforming av veg- og gatekryss.» Dette må sikrast i føresegnene. … Teikningsgrunnlaget skal vera i samsvar med handbok R700. Dette må sikrast i føresegnene.»* | **Føresegn 4.1.2. er lagt til. Tidlegare 4.1.2 er blitt til 4.1.3). Kravet til RFK er innfridd.** |
| *«For tiltak som gjeld veggrunnen langs fylkesveg-nettet må det lagast ein <u>gjennomføringsavtale</u> med vegstyresmakta. Avtale for gjennomføring skal vere inngått med Rogaland fylkeskommune før bygging. Dette må sikrast i føresegnene.»* | Føresegn 10.1.1. (rekkjefølgjekrav) dekkjer dette bla. ved at det krevjast *«avklaring av ansvarsforhold (byggherreansvar) med vegeigar Rogaland fylkeskommune».* **Ingen endring av føresegn.** |
| *«Reguleringsføresegn § 2.6.2 bør takast ut. Vegbelysning skal formast ut i samsvar med gjeldande krav og skal løysast gjennom utarbeiding av tekniske teikningar som skal godkjennast av vegstyresmakta.»* | Føresegn 2.6.2 er fjerna i revidert utgåve. |
| *«I reguleringsføresegn § 4.1.2 står det at o_SKV1 ved plangrensa i nord, kan avvika frå plankartet. Me minner om at alt vegformål på plankartet skal vera i samsvar med gjeldande krav.»* | **§ 4.1.2 er estatta med følgjande tekst:** *«Alle tiltak som vedkjem fylkesvegnettet skal ha ei teknisk utforming i samsvar med krav i gjeldande handbøker «N100 Veg- og gateutforming» og «V121-geometrisk utforming av veg- og gatekryss»».* |
| *«Det bør regulerast inn eit areal på 3 x 4 meter til plassering av busskur. Dette for å sikra tilstrekkeleg areal til plassering av busskuret og drift og vedlikehald av dette.»* | Dette er ei anbefaling som skaper utfordringar med auka fyllingsfot, inngrep i privat p-plass og fiskeførande bekk. Storleiken 1,6 x3 m er godkjend andre stader og behaldast. |
| **Klima og energi** | |

# Notat

Oppdragsgiver: Dommersnes AS
Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr. ARP17_J03

| | |
|---|---|
| Rogaland Fylkeskommune har utført eit omfattande utgreiingsarbeid for utvikling av havvindrelatert industri og logistikk. *«Det er ein tydeleg marknad for hamnar som støttar havvindindustrien i Nordsjø- bassenget, men suksess avheng av tidlege investeringar, strategisk posisjonering og spesialisering. Risikoane inkluderer høge infrastrukturkostnader, regulatorisk uvisse og kapasitetsutfordringar i forsyningskjeda. For hamnar i Rogaland kan ei tidleg satsing på integrasjon i verdikjeda, logistikkløysingar og beredskap for flytande havvind gi ein konkurransefordel..»*<br><br>*«I konsekvensutgreiinga er det vidare vist til reduksjon i utslepp som følgje av fornybar straum frå havvindmøllene som skal monterast. Metodikken som er brukt verkar fornuftig, sjølv om det er stor uvisse rundt kva nøyaktig utsleppsreduksjon på marginen vil vera for ein kWh produsert straum frå havvindmøllene som vil bli samanstilt på Dommersnes.*<br>*Eit anna vesentleg poeng er at denne utslepps-reduksjonen berre er relevant dersom arealet reint faktisk endar opp med å bli brukt til samanstilling av havvindmøller.»*<br><br>*«Me fremjar derfor* ***fagleg råd*** *om at det blir gjennomført konkrete tiltak for å gjera desse utsleppa så små som mogleg. Aktuelle tiltak kan til dømes vera å redusera nedbygging av karbonrike areal som skog og myr, redusera det totale omfanget av sprenging og massehandtering, eller ved å gjennomføra massehandtering og planering med størst mogleg grad av utsleppsfrie anleggsmaskiner og køyretøy.»*<br><br>Fylkeskommunen kjem med **fagleg råd** om undersøking av L13 og om dette er lynghei som kan restaurerast, samstundes som føresegn 6.1.2 då bør skjerpast for å sikra restaurering. | Dommersnes AS og Vindafjord kommune kjenner til dette arbeidet og vil samarbeide med fylkeskommunen og andre myndigheiter. For utbygging trengst det og rette investor- og kompetanse- miljø for å kunne utvikla Dommersnes i tråd med desse målsettingane.<br><br>Dommersnes AS har også utarbeidd eit *«Notat vedrørende behov for havner og sammenlikning med konkurrenter, datert 2025-08-13»* som dokumenterer situasjonen som Dommersnes har, samanlikna med andre lokasjonar i Sørvest- og Vest-Norge.<br><br>Fylkeskommunen gjev aksept for metoden og vurderingane i KU for klimagass.<br><br>Føresegn 3.3.1 avgrensar bruken til *industriell aktivitet som anten er direkte tilknytt sjøen eller som har sjøvegen som ei viktig transportåre,* noko som samsvarar med innspelet. I tillegg heiter det: *Decom av større objekt er ikkje tillate.*<br><br>Industriarealet (BI2) er ytterlegare redusert med ca. 32 daa i høve til KPL og gjeldande reg.plan. Grunnlaget er ny kartlegging av nedslagsfelt, ei ny myr og forhold til leveområde for fisk i bekkene rundt Såtemyr. – Terrenginngrepet blir noko redusert. For å redusera uslepp, skal det utarbeidast ein handlingsplan for klimanøytralitet. Her vil det også inngå tiltak som krav om utsleppsfrie anleggsmaskiner. Klimarekneskap og handlingsplan skal vera godkjent av kommunen før vedtak før igangsetting av terrengarbeid. Sjå føresegn 3.3.4 og kommentar til Statsforvaltaren sin uttale.<br><br>Det visast til SFR sin uttale og prioritering av områda i nord (unngå utbygging), framfor kartlegging og restaurering av lyngheiområde i sør. Ei restaurering av lyngheiområdet på L13 vil og krevja drift/beiting på eit område det ikkje har vore drive som lynghei over generasjonar.<br><br>Vi viser til kommentarane til Statsforvaltaren sin uttale (under) som dekkjer tiltak rundt Stemmebekken og Såtamyr, kartlegging av vassmiljø og vilkår for Såtamyr. **Det er tatt inn krav om fjerning av framande artar i .2.4.2 i føresegner**. Det er sett inn krav om forbetringar i bekken frå Såtemyr mot nord i 2.4.3.<br><br>DMF har bestemt at tiltaket ikkje krev konsesjon og at området kan regulerast i tråd med KPL til industri. Opparbeiding er definert som massehandtering og ikkje «råstoffuttak». |

| | |
|---|---|
| Ytterlegare kompenserande tiltak bør vurderast; døme er: habitatforbetrande tiltak i Stemmebekka, fjerning av framande artar og forbetring av økosystemtenester ved Såtamyr.<br><br>*Det er framleis uklart om Direktoratet for mineralforvaltning vil krevje konsesjon for tiltaket. Dersom DMF finn at tiltaket krev konsesjon, vil det bli utarbeidd ein driftsplan som også gir DMF grunnlag for tilsyn ved drifta. Kommunen har ein forventning om at DMF skal gje ein tilbakemelding på konsesjonsplikt i høyringa av planen. Me vurderer at det er naturleg at tiltaket blir behandla som eit masseuttak, sjølv om dette ikkje er det endelege formålet med utbygginga.* | **I § 2.10 i føresegner er det stilt krav om ein massehandteringsplan. Den er også knytt til Plan for Ytre Miljø/Miljøoppfølgingsplan i § 2.9 og Teknisk plan i § 2.8.** |

### 1.3.5 Statens Vegvesen, datert 22.04.2025

| INNHALD | KOMMENTAR |
|---|---|
| *«I henhold til Byggesaksforskriften (SAK10) er det unntak fra krav i plan- og bygningsloven for offentlige veganlegg så langt tiltaket er detaljert avklart i gjeldende reguleringsplan.*<br>*Bestemmelsene åpner for at det er muligheter for en midlertidig tilpasning til eksisterende veg, men det er ikke skissert noe løsning for hvordan den midlertidige løsningen er tenkt utformet.* | Ingen |
| *Vi stiller spørsmål ved om bestemmelsene er detaljerte nok for å sikre en midlertidig løsning uten at det vil kreve en dispensasjon fra regulerings-planen iht. plan- og bygningsloven. Vi kommer med* ***planfaglig råd*** *om å legge ved mer detaljerte tegninger av den midlertidige løsningen som vedlegg til bestemmelsene.»* | Ingen |
| I tillegg har vegvesenet følgjande kommentarar:<br>*«Som det fremkommer av planbeskrivelsen mangler det en strekning på ca. 200 meter som ikke er regulert før en kommer til tilgrensende plan «Reguleringsplan for fylkesveg med gang- og sykkelveg, Vikebygd». Det er uklart når gang- og sykkelveg mot nord vil bli regulert og opparbeidet.»* | Manglande gang- og sykkelvegstrekning mot Vikebygd er blitt drøfta under vegs i planprosessen. Kommunen er samd i at eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar til Vikebygd må planleggast, men at det best blir ivaretatt i ein eigen planprosess.<br><br>Overgangsløysingar mellom strekningar som byggjast og dagens veg løysast alltid innanfor godkjend plan og regelverk. Slik vil det også vera her.<br><br>Sjå kommentar over. |

### 1.3.6 Statsforvaltaren, datert 28.04.2025

| INNHALD | KOMMENTAR |
|---|---|
| **OVERORDNA VURDERINGAR** | **KOMMENTAR** |
| Utpeikt som eit regionalt prioritert industriområde i Regional-plan for grøn industri. Regionalplan for grøn industri har retningslinje om utvikling og bygge-modning av regionalt prioritere sjønære industriområde, men viser til at kommunen har likevel ansvar for vurdering av bla. miljøkonfliktar. | Det visast til utarbeid «Notat vedrørende behov og arealbehov for havner samt CO2e utslipp og konsekvenser for naturmangfold» utarbeida av Windafjord Port. Notatet omtaler alternative lokaliseringar i Norge og korleis klimagassutslepp er vurdert. |
| | |
| **KLIMAGASSUTSLEPP – MOTSEGN -1** | **KOMMENTAR** |
| Størst konsekvens ved utbygging av fase 3.<br>*«Det er ikkje vurdert andre alternativ i konsekvensutgreiinga enn full utbygging. Vi saknar ei meir inngåande omtale og vurdering av alternative løysingar for planområdet, bade omfang av endeleg industriområde og gjennomføringa av anleggs-arbeidet kan påverke den endelege konsekvensen av utbygginga.»*<br>Krev som minimum tydelege krav og vilkår/rekkje-følgjekrav når fasane kan opparbeidast og tas i bruk. | Det er vurdert andre løysingar innanfor areal som KPA og tidlegare reguleringsplan gir. Det finst ikkje alternativ utan fase 3, fordi dei innfrir ikkje minimums-storleiken på flate areal som eit slik område krev. Dette går fram av «Notat vedrørende behov for havner og sammenlikning med konkurrenter» (Windafjord Port AS). Viser også til oversendt ei skisse over tenkte arbeidsoperasjonar på planlagt industriareal i samband med referatet frå drøftingsmøtet 19.12.2025.<br><br>Det vil bli utarbeidd ein mer detaljert masse-handteringsplan/driftsplan for fase 2 og 3.<br>Det er sett rekkjefølgekrav for BI2 (fase3) med opparbeiding av ny fylkesveg.<br>Føresegn 3.3.2 er endra slik at det føreset bruk av industri som ledd i «Grøn industriutvikling»i samsvar med Regional plan for grønn industri vedtatt av Fylkestinget i Rogaland den 14.06.2023. |
| Analyseperioden er 25 år for verksemd og 75 år for omdisponering av areal. Gir 192.000 tonn CO2 for steinuttak/drift mens 35.000 tonn CO2 er knytt til arealbeslag.<br><br><br>Det visast til nedstraums reduksjon berekna til 7,6 mill. tonn CO2 over 25 år med nordisk energimiks som grunnlag (europeisk miks 26,8 mill. tonn CO2). Berekninga inkluderer ikkje eit alternativ på «eit anna areal.»<br>Konstaterer at oppstraums ikkje er teken med, men vil ikkje påverka den totale konsekvensen mhp. Klimagassutslepp.<br><br>*«Vi er likevel i tvil om el fra havvindturbinar kjem til å erstatta fossile energiberarar.* – Saknar *«eit meir sannferdig* | Det er i dette tilfelle ikkje relevant å supplera/endra KU klimagassutslepp basert på endra arealbruk på terrengnivå som ligg tett opp til dagens terreng, men planert areal og med same storleik, dvs. 390 daa.<br>Planprogram har ikkje definerte andre alternativ, verken utanfor eller innanfor varsla plangrense.<br>Det visast igjen til Notat vedrørende behov..»som samanliknar andre alternativ og kjente vurderte konsekvensar, med m.a. klimagassutslepp.<br>I samsvar med dei siste tilbakemeldingane frå Statsforvaltaren er plankartet endra, industriformålet er redusert i omfang.<br>Iht. Energidepartements satsing (Grøn Bok til regjeringa) 30 GW til 2040 til havvind ( ca. 0,5 GW er Utsira Nord, gir 34 15 MW turbinar). Satsinga vil sei 60 gonger Utsira Nord og kanskje 3 til 4 tilsvarande hamneutbyggingar i aktuelle område i Noreg. – Desse tala tar ikkje omsyn til Storbritannia si satsing som det er ambisjonar om å levera/samanstilla frå Norge. |

| | |
|---|---|
| *samanlikningsgrunnlag med energi frå landbaserte vindturbinar, vasskraft, solkraft på land eller til hav eller andre lav utsleppsteknologiar, som atomkraft.»* | Tiltakshavar og konsulenten meiner at slike vurderingar ligg langt utanfor det som er definert i planprogrammet og som kan forventast av ein «fag-KU» for klimagassutslepp knytt til ein reguleringsplan.<br>Dessutan har Staten ved Energidepartementet, Kystverket og NVE, for å nemne nokon, fått utført strategiske KU'ar som underbygger valet.<br><br>Det er kanskje prinsipielt tvilsamt å krevja slike berekningar, sidan det ikkje finst kriterier for «innanfor/utanfor» i nasjonale system. Da kan må det stillast spørsmå om dette er relevant for beslutningen iht. KU-forskrifta. |
| Føresegn 3.3.4 *«kunne med fordel vore formulert meir generelt, slik at det blir tydeleg at den også gjeld for anna verksemd enn havvindmølle-produksjon.» -*<br><br>*«I føresegna manglar og vilkår eller føringar for korleis søknaden skal handsamast dersom klimagassrekneskapen ikkje viser innsparingar knytt til CO2e.»*<br><br>*Foreslår handlingsplan for reduksjon av utslepp i anleggs- og driftsfasen.*<br><br>*«Konsekvensutgreiinga tar med seg ei vurdering av reduksjon i klimagassutslepp som følgje av den planlagde verksemda her, som vil vege opp for utsleppa. Men utan at dette er sikra i planforslaget...».*<br>*Må sikra bruk av område kunn for «grøn» industri som kan vega opp dei store utslepp frå område.*<br><br>**Motsegn til planforslaget på bakgrunn av dei svært store negative konsekvensane for klimagassutslepp, jf. pbl. §5-4 , statlege PRL for klima og energi pkt. 3, bokstav a, pkt 4. bokstav. A 4.3 – c,d,e og k sa, klimaloven § 5 og T2/16** (siste er rettleiar motsegn) | Føresegn 3.3.4 endrast slik at det krevjast ein handlingsplan. Den krev vidare arbeid med å finna gunstige løysningar som ikkje er avklart i detalj nå.<br>Sikring ligg i kravet om industri knytt til hamn og det «grøne skifte», § 3.3.2<br>Det er ikkje mogleg å venta med opparbeiding til endeleg kontrakt. Det vil krevja for mange år.<br>I praksis er neppe andre industrielle aktivitetar enn havvindproduksjon mogleg, dersom den skal kompensera for CO2 utslepp frå anleggsfasen.<br><br>Etter dialogmøte er «Notat behov for havner...» lagt fram med etterlyst dokumentasjon og føresegner er endra, slik som føreslått. Motsegna til klimagassutsleppet måtte sjåast i samanheng med motsegner til naturmangfald og vassmiljø. Av omsyn til myr, er derfor industriformålet redusert i nord. |
| **NATURMANGFALD PÅ LAND – MOTSEGN- 2** | **KOMMENTAR** |

| | |
|---|---|
| *«I konsekvensutgreiinga for terrestrisk naturmang-fald er det føreslått fleire avbøtande tiltak i kap. 8. I tillegg ser vi at det er gjort tilpassingar av vegtrase løysingar for planområdet..»*<br>*«Det primære forslaget i hove tiltakshierarkiet vil vere å ta ut området aust for eksisterande fylkesveg slik at inngrep i førekomstar av kystlynghei og dei økologiske funksjonsområda her ikkje skjer. Vi støttar dette forslaget, men har og forståing for at den type verksemd som skal gå føre seg her kan trenge mykje plass.»*<br><br>Bør vurdera å ta ut områder i nord som grensar til myrområda, jf. motsegn mot vassførekomsten.<br><br><u>Rår frå</u> å flytta vegtrase lengre mot aust.<br><br>*Føresegna som gjeld det aktuelle området er likevel ikkje konkret nok. Det er ikkje stilt krav til verken tidspunkt for gjennomføring av tiltaket (rekkefølgjekrav), fagkompetanse eller utarbeiding av plan for arbeidet. Restaureringstiltak utanfor sjølve planområdet kan vere vanskelege a sikre juridisk, mens restaurering av område innanfor planområde i noko større grad kan sikrast i planen.* | Fullskala-produksjon som prosjekt-/tiltaksomtale viser, krev meir enn 187 daa. Det vil ikkje kunne forsvarast å byggja kaiar og opparbeida BI1, oppgradera dagens fylkesveg og likevel ikkje kunna samanstilla eit tilstrekkeleg tal turbinar innan ein antatt realistisk tidsperiode, jf. «Notat behov for havner..».<br><u>Samstundes er det aktuelt at fase 2 gir grunnlag for oppstart/produksjon av havvindturbinar, medan BI2 (fase3) opparbeidast for bruk.</u><br><br>I samsvar med dialogmøtet er det gjennomført ny kartlegging av det nordre område, m.a. med spesialist innan myr/myrrestaurering og nedslagsfeltet som forsyner Såtemyr. Det vart oppdaga og kartlagt ei myr som ikkje er med på kartgrunnlaget . Det visast til notat «RIVA02 Videre vurdering av overvann og myr» som viser nye moedelleringar, resultat av kartlegging. Tilrådinga og konklusjonen om at ca. 50 daa av nedslagsfelt sør for Såtemyr ikke byggjast ut, er tatt inn i planforslaget. Området visast som naturområde i området mellom dagens og framtidig fylkesveg. For ivareta ei ny oppdaga myr, må ny fylkesveg byggjast i trase lengst mot aust og med høgaste linjeføring (tidlegare trase B frå silingsrapporten). Dette tek vare på alle råd frå Statsforvaltaren og imøtekjem motsegn.<br>Industriareal BI2 er redusert frå 202 til 167 daa.<br><br>Restaureringskrav (§ 6.1.2) for kystlynghei i sør (L13) er tatt ut, sidan området ikkje har vore drive som kystlynghei og ikkje ville kunne drivast slik med små flekkvise areal.<br>Vi er einige i dette, noko som og gjeld restaurering av myr som kompensasjon.<br>Omsyn og anbefalingar frå rapporten (RIV02) er innarbeidd i føresegner:<br>• Avskoging og fjerning toppmassar utanom yngle- og hekketid (§ 2.4.4)<br>• Kartlegging av framandartar og utarbeiding av tiltaksplan (§ 2.4.2)<br>Vurdere formål og omsynssoner for ivareta dei to myrane og bekkesystem (§ 2.4.3, H560) og § 6.2 Naturformål |
| **VASSFØREKOMSTAR INNANFOR KYSTLINJA- -MOTSEGN - 3** | **KOMMENTAR** |

| | |
|---|---|
| *«Som vi skreiv i vår fråsegn til planprogram og oppstart av planarbeidet må kunnskapsgrunnlaget for vassmiljø ta for seg avklaringar for alle vassførekomstar som blir påverka eller råka av planforslaget.*<br>*Rapporten har ikkje sett på avrenning ved etablering av og produksjon på området eller påverknaden som industriutviklinga vil ha på naturmangfaldet i området.*<br>*…*<br>*Kunnskapsgrunnlaget for påverknad på vassførekomsten Vikevik bekkefelt er mangelfullt i planforslaget slik det er presentert i planforslaget per no.»*<br><br>*«Ny fylkesveg vil kunne råka vasstilførselen og illustrasjonar viser at vasstilførsel til bekken og myrområdet i nord vil bli sterkt redusert. I føresegn 2.7.1 om ein teknisk plan, er vasstilførsla til myrområde ikkje sikra.»*<br><br>«Med heimel i pbl. §5-4 **har vi motsegn** til planforslaget på grunn av **manglande kunnskapsgrunnlag for vassmiljø.»** | Kunnskapsgrunnlaget for vassmiljø på land er utvida (i tråd med referat frå dialogmøtet) for Vikevik bekkefelt. Det er føreteken innmålingar av bekkar (bredde, dybde, nivå/dybde av dei to myr-delane til Såtemyr, utført fleire modelleringar som viser at vassmiljø vert teke vare på dersom industriområde BI2 reduserast med ca. 50 daa (brutto), jf. RIVA02. Vasstilførsel vert ikkje redusert. Rapport/habitatkartlegging av sjøaure i bekken mot nord, frå Rådgivende Biologer, er gjennomgått og konklusjonar er innarbeidd i ny rapport. Dette gjeld og forbetringstiltak i omsynssona H560 som gjelde bekken som følgjer dagens fylkesveg mot nord og som må hensyntas ved prosjektering av ny fylkesveg, jf. § 8.3 i føresegner.<br>Etter møte den 19.12.2025 er det utarbeidd ytterlegare eit notat (RIM06_J01), datert 2026-01-20 som visar korleis Stemmevassbekka skal leggast om og restaurerast i samband med omlegging av fylkesvegen. Men ei lita utividing av omsynssona H560_1), er det mogleg å forbetra vassdraget og leveområde for sjøaure.<br><br>Avrenning frå etablering av området (masseuttak) er regulert av Forureningsforskriftas kapittel 30 og vil bli dokumentert då.<br><br>Modelleringa viser at vatn frå austsida av ny Fv kanaliserast under vegen og ikkje reduserer vasstilførsel. Bekken vert teken vare på og restaurert og vasstilførsle under ny Fv vert løyst i tekniske planar.<br><br>Kunnskapsgrunnlaget er utvida, oppdatert og konklusjonar er innarbeidd i plankart og føresegner, slik at vi meiner at grunnlaget for motsegn er fjerna. |
| **NATURMANGFALD I SJØ – MOTSEGN - 4** | **KOMMENTAR** |
| *«Det er ikkje avklart kvar eller korleis oppankringa skal skje innanfor området som er regulert til riggområde i plankartet».*<br>*«Ifølgje konsekvensutgreiinga bor det vere mogleg a etablere forankringspunkt utan at korallar gar tapt fordi dei finns som spreidde førekomstar. Som avbøtande tiltak med omsyn til vassmiljø i sjøen er det mellom anna anbefalt at det blir installert faste ankringspunkt på havbotnen som kan nyttast til forankring av fundament, lekterar og liknande. Dette er ikkje sikra i føresegnene. Av omsyn til sårbart marint naturmangfald har vi* ***motsegn til at planen ikkje har krav om faste ankringspunk****t og vilkår for plassering av desse.»* | Føresegn § 7.2 om riggområde er supplert med 4 punkt som set vilkår for faste ankringspunkt. |

| | |
|---|---|
| SFRO har ikkje vesentlege merknader til vurderingane i konsekvensutgreiinga for marint naturmangfald.<br><br>Det påpekast at endeleg krav for gjennomføring setjast ifm søknad etter Forureiningslova og forureiningsforskrifta, og Statsforvaltaren. | OK<br><br>Regelverket er kjent og vil bli brukt og er vist til i føresegner. I tillegg er det teke inn ei presisering i 7.2.2 og 7.2.3 om dokumentasjon av ivaretaking av korallar og svarmkonsentrasjoner ved søknad om ankringspunkt som skal vera faste/permanente. Kopling mot Kystverket er teken vare på i 7.2.4 og 7.25. |
| **LANDSKAP – FAGLEG RÅD** | **KOMMENTAR** |
| SFRO har **fagleg råd** om at føresegnene blir skjerpa, slik at dei sikrar at skjeringa blir etablert med pallar som mogleggjer revegetering. | Føresegn 3.5.4 og 3.5.5 er endra i samsvar med dette. |
| **FRILUFTSLIV – FAGLEG RÅD** | **KOMMENTAR** |
| I KU friluftsliv er det føreslått som avbøtande tiltak å etablera ny sti til Vikafjellet og Strafjell fra Kolthaug/Kolthaugvegen.<br><br>SFRO har **fagleg råd** om at dette blir vurdert og eventuelt sikra. Viss eit slikt tiltak krev regulering av nytt areal, til dømes til parkering, må planområdet ev. utvidast. Konsekvensane av ei slik regulering må og vurderast og belysast i planarbeidet. | Det er ikkje lengre naudsynt å vurdera ein kompenserande tursti frå Leirhammar ligg urørt fordi grense for utbygging er flyttet til sørsiden av Såt. Turstien kan brukast som idag.<br>Seinare vegprosjektering må avgjera om det er mogleg å leggja kulvert under vegen. |
| **RIGGOMRÅDE I SJØ – FAGLEG RÅD** | **KOMMENTAR** |
| SFRO har **fagleg råd** om at riggområdet blir redusert så mykje som mogleg, både av omsyn til friluftsliv, landskapet, avgrensa påverkinga på marint naturmangfald så mykje som mogleg. | Dette er vanskeleg og vil redusera moglegheita til optimal bruk, særleg sidan det leggast opp til definerte ankringsområde. – Det leggast og til grunn at bruken vil kunne skje basert på hamne- og farvasslova, sidan områda er avklart i KPA. Det ønskast ikkje endringar. |
| **STØY – MOTSEGN-- 5** | **KOMMENTAR** |
| SFRO påpeikar at det manglar føresegn for driftsfasen og det er ikkje føresegner med konkrete grenseverdiar for verksemd i planområdet, verken i anleggs- eller driftsfase. Det er ikkje tilstrekkeleg berre vist til T-1442. (anleggsfasen/opparbeiding har).<br><br>*«Planforslaget har heller ikkje krav om gjennom-føring av avbøtande tiltak, som støyskjerming og/eller tiltak på fasade for bygg som blir liggande i område med støypåverknad over anbefalte grenseverdiar i T-1442.»*<br>***SFRO fremmer «derfor motsegn til planforslaget, jf. T-2/16 pkt. 3.1.»*** | Føresegner har/hadde grenseverdiar for driftsfasen. I tillegg til henvising til tabell 2 (T1442/2021) kan tabellen og leggast til.<br>**Tabellen med verdiar er lagt til i reviderte føresegner, § 2.5.2, slik at motsegn kan opphevast.**<br>Det er og lagt til krav om støykartlegging i anleggs-fasen, innan eit halvt år, jf. 2.5.1.<br>Vidare ligg det konkrete krav om støygrenser i § 30 i forurensingsforskrifta for grus-pukkverk.<br>Forskrifta (§ 30) krev ei melding til Statsforvaltaren kor krava må dokumenterast.<br><br>Avbøtande tiltak vil i hovudsak vera redusert driftstid, kartlegging og kontroll av støynivå ved næraste støyømfintlig bygg, samt mellombels skjerming ved bruddkant eller eigedom.. |

| **MANGLANDE AVKLARING KRING MASSEUTTAK OG MASSEHANDTERING – MOTSEGN -6** | **KOMMENTAR** |
|---|---|
| SFRO meiner at det burde vore avklart på førehand om tiltaket er konsesjonspliktig.<br>*«Viss uttaket krev konsesjon, vil det bli utarbeida ein driftsplan som skal vere styrande for drifta av uttaket, og som gir Direktoratet for mineral-forvaltning hove til a ha tilsyn med verksemda.*<br><br>*«Når det ikkje ligg føre ein driftsplan, må kommunen vurdere om det er forhold som skulle vore avklart i denne, som i staden må sikrast i reguleringsplanen.»*<br><br>*«Handtering av avrenning og overvatn er døme på problemstillingar som burde ha yore omtala i reguleringsplanen, og føresegnene burde ha krav til sedimentering og reinsing for vatn blir slept ut i fjorden. Da vi uttalte oss til oppstart av plan-arbeidet skreiv vi og at det var avgjerande for planen si utforming og handtering av massane at mogleg-heitene for forureina grunn i planområdet blei granska i planarbeidet. Det kan vi ikkje sjå at er gjort.*<br><br>*«Det er heller ikkje tilstrekkeleg kunnskap om ev. forureining i grunnen til a vurdere korleis massane skal handterast ved uttak, mellomlagring og i det vidare.»*<br>**SFRO fremmer « motsegn mot manglande føresegner og dokumentasjon korleis massane skal handterast, jf. pbl. 5-4.** | Det er avklart no at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, jf. brev datert 2.9.2025.<br><br>Forslagsstillar har innarbeidd rekkjefølgekrav i 2.10 («massehandteringsplan») og opp mot Ytremiljøplan for ny fylkesveg (i § 2.9). Plan for massehandtering og drift (§ 2.10) inneheld same element som i ein driftsplan.<br><br>Handtering av overvatn i anleggs- og driftsfasen ligg i krav til teknisk plan som skal utarbeidast, jf. § 2.8. I den grad utslepp skal til fjorden, må dette søkjast om iht. Forureiningslova.<br><br>Som ein del av Plan for massedismponering og drift, jf. 2.10, krevjast i 2.9.4 at mogleg forureining innanfor BI1 og 2 skal kartleggjast. Dette gjeld areal som har potensialet for forureina grunn, ikkje naturareal.<br><br>Utforming av eventuell mellomlagring og lossing vil ta omsyn til at ikkje renn finstoff i fjorden. Det understrekast at fjellmassane er reine og at spor av sprengstoff vil bli fanga opp eller ikkje er av betydning for å påverka vasskvaliteten i fjorden.<br>**§ 2.7, 2.9, 2.10 samt 3.3.9 løyser samla dette kravet.** |
| **LUFTKVALITET – MOTSEGN-- 7** | **KOMMENTAR** |
| SFRO støttar vedtaket ved 1. gongshandsaming.<br><br>«Med bakgrunn i Retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegginga, T-1520, og T-2/16 ***fremmer vi motsegn til manglande vurderingar av luftkvalitet i planforslaget.».*** | **Det er utarbeidd fagrapport for luftkvalitet, LUFT01_J03, datert 09.09.2025, i samsvar med rettleiar T 1520.**<br>Konklusjonen er at det svært god luftkvalitet i dag.<br>Luftkvaliteten vil bli noko forringa mens masseuttak og utskiping foregår. Ved oppfyllelse av alle krav i kapittel 30, skal ikkje luftkvalitet ved berørte boligar overstiga grenseverdiar for luftkvalitet. |

| | |
|---|---|
| Temaet må vera utgreidd for å kunne vurdera konsekvensane. | Det er ikkje forventa at bebyggelse utanfor influensområdet vil bli berørt. Når driftsfasen startar, vil luftkvaliteten forbetrast etter kvart som dei støvgenererende aktivitetane avsluttast. |
| **FOLKEHELSA OG LOKALSAMFUNN – FAGLEG RÅD** | **KOMMENTAR** |
| SFRO **har fagleg råd** om at kommunen regulerer eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar frå planområdet til Vikebygd.. | I løpet av prosessen er det vurdert at dette vil vera meir hensiktsmessig å sikre gs-tilbodet i ein eigen plan seinare. |
| **SAMFUNNSTRYGGLEIK – MOTSEGN-- 8** | **KOMMENTAR** |
| SFRO kjem med råd om å drøfta/dokumentera vassforsyning til området.<br><br>«ROS-analysa føreset bla. at det må gjerast tiltak fora sikre tilstrekkeleg sløkkevatn ved brann, og at tiltak som skildra i rammeplan for vatn, avlaup og overvatn må settast i verk fora motverke negative konsekvensar som følgje av ekstremnedbør og overvatn. Med heimel i pbl. 4-3 og 5-4 har vi **motsegn til manglande sikring av omsyn til samfunnstrykkleik i planen sine føresegner».** | Rammeplan VAO – Dommersnes industriområde, RIVA01_J01 av 2024-10-10 omtalar brannvatn i kap. 6.4. Dekking av brannvatn må tilpassast industrien sitt behov. Det går fram at sjølv med kommunal utbygging, vil krav om 50l/s i 60 minutt ikkje kunne innfriast utan at bedrifta etablerer ei løysing med buffertank som gjev tilstrekkeleg med trykk. – Tanken bør stå relativt nær hovudangrepsvegen.<br>Det er ikkje behov for revisjon av teknisk plan. Men føresegn 2.7.1 er endra, føresegn 2.11 og 2.12 dekkjer alle krav i ROS-analysa, **slik at kravet til Statsforvaltaren er innfridd.** |
| **Fagleg råd** angåande føresegner om fritidsbustader går ut på at det settast meir detaljerte krav til gjenoppbygging av fritidsbustader med maks. høgde og BYA tilsvarande føresegner for naust. | Det er sett grense for høgd til maks. ein etasje og gjenoppføring innanfor byggjegrense som er lagt til vegglivet. Sidan det er stor forskjellar på storleik både på fritidsbustadane og eigedomane, vil denne føresegna, gi størst forutsigbarheit. Kommentar til 3.1.6 gjeld elektriske innstallasjonar i naust som er F1-bygg som skal ha innvendig golv på kote 1,5 dvs. 0,2 m over F1-returnivå. Med bølgehøyde (returnivå 200 år) på 1,8 m, vil elektriske innstallasjonar måtte plasserast på kote 3,3 NN2000 nivå. Sjølv om dette ikkje er påkrevd av DSB, **endrast føresegn 3.1.6 slik** |
| **Fagleg råd** til angåande «plantekniske tilhøve» 9.1.1 og 9.1.2 – oppdatering av reguleringsplan etter prosjektert trase.<br><br>I punkt 9.2.2. bør formuleringa «størst mogleg grad» takast ut.<br><br>Føresegn 2.4 om naturmangfald er for generell og konkrete tiltak bør definerast basert på anbefalingane frå fagrapportane. | Som følge av vurderingene rundt sikring av nedslagsfelt øst for Såt og ny oppdaget myr, er område og føresegn9.1.1 og 9.1.2 teken ut.<br>**.**<br>Nå 9.1.3. er endra til «skal vera sett i stand, og vera tilbakeført».<br>2.4 inneheld ei henvising til «plan for ytre miljø», men føresegn er supplert med 4 viktige punkt. |

### 1.3.7 Fiskeridirektoratet, datert 30.04.2025

| INNHALD | KOMMENTAR |
| --- | --- |
| *«Våre vurderinger viser at det er noe konfliktpotensial som følger av reguleringsplanen, hvor fiskerinteressene kan bli skadelidende. Vi vurderer at fiskeriene vil bli negativt påvirket av planene, men ikkje i et slikt omfang at sameksistens er utelukket.* ***Vi vil ikkje fremme innsigelse*** *til planforslaget.»* | Ingen kommentar. |
| Fiskeridirektoratet har ikkje innvendingar mot handtering av faren for spreiing av forureining i anleggsfasen (jf. søknad i samsvar med forureiningslova). | Ingen kommentar. |
| Med referanse til at tiltaket får noko negativ konsekvens for marint naturmangfold som følgje av utfylling og oppankring. *«Tiltakets påvirkning på utøvelsen av fiske er ikke konsekvensutredet. Vi mener at dette er beklagelig».* På tross av det *«finner vi at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig til at vi kan vurdere om planen får vesentlige konsekvenser for fiskeriinteressene».*<br>Det vil praktisk vera mogleg å passera med reketrål og anna fiske blir ikkje vesentleg rørt. Fiskeplassen er ikkje av vesentleg regional eller nasjonal betydning. | Ku'en viser indirekte at fiskeria ikkje blir vesentleg rørt, slik også Fiskeridirektoratet bekreftar. |
| Fiskeridirektoratet foreslår at eventuelle konsekvenser belysast på bakgrunn av fiskarlaget sin uttale. | Sjå våre kommentarar til Fiskarlagets merknad.<br>Ingen endringar av plandokument/føresegner som følgje av uttale. |

### 1.3.8 Direktoratet for mineralforvaltning, datert 06.05.2025 og 02.09.2025 med vurdering av konsesjonsplikt

| INNHALD- brev av 6.5.2025 | KOMMENTAR |
|---|---|
| *«Hensikten med planarbeidet er å leggje til rette for eit større nærings- og havneareale primært retta mot produksjon og samanstilling av havvindturbinar… I samband med opparbeiding av næringsområdet vil det bli tatt ut ca. 11 millionar m3 massar over 7 år…..<br>Overskotsmassane skal bli selt til bruk utanfor plan-området. Det er planlagt å frakte 94% av overskots-massane via sjøvegen og 6 % med lastebil. Det kjem fram av planomtala at det ikkje er knytt konkrete industriprosjekt eller kundar til området...»* | Ingen kommentar |
| *«Det er DMF sitt **faglege råd** at området kor det skal drivast masseuttak blir regulert til føremålet råstoff-utvinning. Det bør bli avsett tilstrekkeleg areal for sikring og skjerming av uttaksområdet mot omgjev-nadane, med tilhøyrande føresegn. Etterbruk av området til industri og næring bør bli sikra gjennom føresegna. Det bør òg følgje vurderingar av kor eigna ressursen er til føremålet den er tiltenkt. .»* | Råstoffutvinning er ikkje hovudføremålet med planen. Området er både tidlegare regulert til industri og framleis industriområde i KPA. Det store masse-/råstoff-uttaket kjem som følgje av prosjektet som krev flate arealer på eit lågt nivå ift. terrenget. |
| *«Det er ikkje gjeve føresegn med føresetnad om at uttak og tomteopparbeiding først kan starte når det ligg føre konkrete planar for etablering av næring innanfor kvart enkelt delområde. Planen verkar av den grunn som at det skal takast ut massar for å legge til rette for eit føremål med uklart omfang og tidshorisont. Kommunen bør difor vurdere om råstoffutvinning betre vil reflektere bruken av området, med industri eller næring som etterbruk.»* | Areal til fase 1 er godkjent opparbeidd av kommunen og Statsforvalteren (dispensasjonssak). Avtale med ein aktør innan produksjon av havvind er naudsynt, for at det er eit økonomisk grunnlag for masseuttak. Sjølv om massane skal seljast, gjev inntektene frå sal av stein ikkje grunnlag for opparbeiding. Som nemnd er råstoffuttak ikkje føremålet med plansaka.<br><br>Reguleringsplanen er basert på to fasar (BI1 og BI2) og detaljene avklarast til plan for massehåndtering og teknisk plan, slik at industriareal kan takast i bruk parallelt med at massar framleis takast ut og nye areal opparbeidast. |
| *«Det er DMF sitt **faglege råd at kvaliteten på massane** som skal tas ut blir **undersøkt** og dokumentert som ein del av reguleringsprosessen, for å bidra til auka kunnskap om handtering av og marknad for overskotsmassar…..<br>Kunnskap om kvalitet og kvalitetsvariasjonar på massane er vesentleg for å undersøke kva for ein marknad som finst for massane som er planlagt tatt ut og at massane blir nytta til riktig* | |

| | |
|---|---|
| *føremål. DMF meiner difor det er avgjerande å undersøke kva for kvalitet det er på massane så tidleg som mogleg…'*<br><br>*Eit uttak av 10 millionar m3 overskotsmassar over 7 år vil gje ei årleg uttaksmengd som tilseier at masse-uttaket vil bli eit av dei største i Noreg….*<br><br>*Ein vurdering av marknadssituasjonen bør bli sett i samanheng med anna tilgang på byggeråstoff frå masseuttak og andre planlagde utbyggingar, både kommunalt og regionalt.*<br><br>*DMF vurderer at pukkførekomsten* (fase 1, tidlegare teken ut) *innanfor planområdet allereie er tatt ut og bygd ned, og har difor* ***ingen ytterlegare merknad*** *til at det ikkje blir særskilt vurdert verknadar på mineralressursar.*<br><br>*Krav om avklaring etter minerallova bør ikkje bli bunden til ledd i planprosessen etter plan- og bygningslova…..*<br>*DMF gjer ikkje vurderingar eller fattar vedtak om uttak er omfatta av minerallova som ein del av fråsegn til reguleringsplanar. Tiltakshavar må difor kontakte DMF i ein eigen førespurnad for å avklare uttakets forhold til minerallova.»* | Dette er kjent.<br><br>Dette er opp til utbyggar å vurdere.<br><br>Ingen kommentar<br><br>Det visast til kommentar foran om at saka er avklart med DMF. |
| **INNHALD brev av 02.09.2025** | **KOMMENTAR** |
| *«..Forespørselen gjelder om uttak av omkring 11 millioner m3 masser i forbindelse med opparbeiding av Dommernes industriområde er omfattet av minerallovens virkeområde, jfr. mineralloven § 3, og dermed krever driftskonsesjon.* | |

| | |
|---|---|
| *DMF har tidligere gjort en vurdering av fase 1 for samme prosjekt, i brev av 11. august 2023, vår ref. 23/03429-3. Vår konklusjon var at tiltaket ikke var omfattet av mineralloven.*<br><br>***Konklusjon***<br>*På bakgrunn av inngitte opplysninger og det gjennomgåtte i saken vurderer DMF at det planlagte tiltaket hovedsakelig gjennomføres som en del av annen utnyttelse av grunnen, og dermed ikke er omfattet av mineralloven.»* | Kommunen handterer plan for massedisponering og teknisk plan.<br>Sjølve drifta av pukkverket er ei meldingssak til Statsforvaltaren iht. Forurensingsforskriftas § 30. |

### 1.3 OPPSUMMERING AV MERKNADER TIL PLANFORSLAG ETTER HØYRING – Kronologisk liste med 10 merknader frå interesseorganisasjonar og selskap. Nr. 1, 8 og 10 er alle frå Bevar Ålfjorden Perle

| Avsendar | Innhald | Kommentar - moglege/naudsynte endringar av planforslaget, supplerande tiltak |
|---|---|---|
| **O1.**Bevar Ålfjorden Perle ved Jon Magne Svendsbøe, datert 24.2.2025 | Innhald er oversending, 7sider merknad og 44 sider presen-tasjon. Såleis er dette ein svært kortfatta gjennomgang.<br><br><u>A. Naturressursar og masse-handteringsplan</u>, sum 7 til 10 år og 10-11 mill. m3 for alle fasar<br>1,7 tonn/m3 er feil – må bruka 2,6 tonn/m3 for fast fjell<br>Talet vil auke til 3 skipsanløp og 55 lastebil lass kvar vekedag.<br>Det visast til omfattande støvproblematikk på Jelsa på 2 km avstand.<br><br>Støv/luft er ikkje vurdert og kvartsinnhaldet kan vera helseskadeleg jf. Arbeidstilsynet. | Generelt.<br><br>Merknaden omfattar 14 punkt – A til N.<br><br>A. Det er korrekt at masseuttaket vil vera ein aktivitet som vil gå over 5-7, jf. Naturressursar og massehandteringsplan, daert 2025-08-12. Reknestykket i KU for masse-handtering er endra og nå i samsvar med BÅP sine tal.<br><br>Det er laga ein fagrappor luftkvalitet (Luft01_rev J03) datert 2025-09-09.<br><br>Masseuttak og massebearbeiding, samt anleggsarbeider og anleggstrafikk vil kunne gi støvflukt til nærliggende omgivelser i en periode over flere år. Masseuttak og massehåndtering er regulert gjennom Forurensningsforskriftens kapittel 30 med en egen grenseverdi for støvnedfall og krav til støvdempende tiltak. Virksomheten må sikre at alle krav i kapittel 30 oppfylles, og at nødvendige tiltak innføres for å oppnå dette. I retningslinje T-1520 er det i kapittel 6 egne retningslinjer for begrensning av luftforurensning fra bygge- og anleggsvirksomhet. Her foreslås en rekke tiltak for å redusere avbøtende tiltak i anleggsfasen og det vil være nødvendig å gjennomføre flere av disse for å redusere belastningen på omgivelsene. |

| | | |
|---|---|---|
| | Etterlyser realisme dokumentasjon og vurdering av konsekvenser dersom marknad for stein fell bort.<br><br>KU manglar konkret etterbruks-plan med tilbakeføring til LNF,<br>som ein reguleringsplan krev… dersom bygging av havvind skulle stansa heilt opp. Dette må greiast ut. | Vidare visast til SFRO sin uttale og vår kommentar, sjå 1.3.6 og motsegn 7.<br><br>Reguleringsplanar er offentlege juridiske dokument utan heimel til privatrettslege koplingar som t.d. garanti for gjennomføring.<br><br>Det vil oppstå fleire moglegheiter for bruk og mellom- lagring om denne situasjonen skulle oppstå. Opparbeiding og føresegner føresett at området skal brukast til industri direkte tilknytt sjøen eller som har sjøvegen som ei viktig transportåre (jf. 3.3.1).<br>Det er ikkje tenkt eller utgreidd anna «etterbruk». Tidsperspektivet for bruk som industriområde og bruk til sjøretta og/eller havvind basert industri er langsiktig, dvs. til 2050 med årleg omsetnad på mellom 22 og 115 mrd. kr. i Norge (Menon Economics, 2024). *Ingen tiltak-endringar* |
| | B. Landskap: store negative konsekvensar, illustrasjon med berre ein vindturbin er misvisande, føresegner bør begrensa til maks. tal vindturbinar i fjorden.<br>Høgde med 272 m er feil, med turbinblad opp gjev dette 340 m, bør korrigerast. | B. Det er ikkje behov for endringar i KU, KU-graden vil ikkje bli endra, sidan «store negative» er slått fast.<br>«Worst case» scenario er tilstrekkeleg illustrert og det vil kunne oppstå situasjonar der «bilete» ser forskjellig ut. Talfesting av tal fundament, delar og ferdige turbinar i fjorden vil gi for stramme grenser og hindra for fleksibel produksjon og andre forhold som t.d. veret. *Ingen tiltak-endringar* |

| | | |
|---|---|---|
| | Det vil kunne vera opp til 12 lagringsplassar i fjorden og krevjast føresegner med maks. tall for ferdige og halvferdige (fundament ++) turbinar.<br><br>C. KU må omtala kva som skal skje med eksisterande nærings-verksemder. Plassering på nytt areal må konsekvensutgreiast.<br><br>D. KU naturmangfald på land fører til store negative konse-kvensar, pga. tap av kystlynghei, myr og raudlista fuglar. – Dette er i strid med kommunen si eiga målsetjing og kommunen må dokumentera «meir samfunns-nytte enn skadeverknader».<br><br>Det etterlysast kartlegging av div. rovfugl og stillast spørsmål om kunnskapsgrunnlaget er godt nok.<br><br>E. KU folkehelsa er svært vag ift. til-/fråflytting. Mye synsing, lite vitskapelege fakta. Krev «meir grundige analysar for Vikebygd sin del for å kunne slå fast om det i løpet av dei ca. 10 støyande og støvande åra som anleggs-perioden vil pågå, vil medføra tilflytting eller fråflytting.» | C. Det har vore dialog med/frå tiltakshavar og dialogen vil blir følgt opp i eigne prosessar, slik at avtalar kan inngåast etter at planen er vedteken. *Ingen tiltak-endringar*<br><br>D. Mange planar har motstridande mål og interessar som skal balanserast i løpet av planprosessen.<br>Det er til slutt eit politisk val og avgjerd om planen blir vedteken.<br><br>KU har tilstrekkeleg kunn-skapsgrunn ift. rovfugl, sjå SFRO sin uttale om omsyn som skal takast vare på i Ytre miljøplan. «Maskert» informasjon (rovfugl) er sjekka med SFRO/databasar. *Ingen tiltak-endringar*<br><br>E. Folkehelsa er sett saman av mange faktorar og og mange tema som t.d. støy er vurdert i eigne rapporter. Det er ikkje mogleg «å berekne eller vitskapleg dokumentere detaljert kva som vil skje, med tanke på flytting. I mangel av statlege rettleiing for KU Folkehelse har Norconsult utarbeidd egen metodebeskriving for «helsekonsekvensutgreiing». Denne er i stor grad fulgt. *Ingen tiltak-endringer*<br><br>KU for lokale og regionale verknader svarer så godt som mogleg. *Ingen tiltak-endringar*<br><br>Det er ikkje mogleg å bli meir konkret (tal, typar opplevingar plager etc.).<br>*Ingen tiltak-endringer* |

| | | |
|---|---|---|
| | KU bør vera tydelegare om andre verksemder og underleverandørar vil etablera seg.<br>KU er ikkje tilstrekkeleg med omsyn til konsekvensar for livskvalitet, trivsel, bumiljø og stadidentitet for Vikebygd.-<br><br>Påverknad av reiseliv er ikkje utgreidd.<br><br>F. <u>KU støy</u> bør svara tydeleg på om krav i T-1442 er oppfylt eller ikkje. Kva med impulslyd? Lydnivå bør leggjast under grenseverdien for verksemd som ikkje er samfunnskritisk.<br><br>G. KU Vassmiljø i sjø. BÅP visar til fleire forskjellige typar utslepp, og meiner at planfram-legget må vera tydeleg om det er tillat med Decom-industri/ opphogging av olje- og gassinstallasjonar.<br><br>H. KU lokale og regionale verknader: andel indirekte sysselsette er låg i Suldal.(13%) | Reiseliv er ikkje definert som KU-tema. Konsekvensar i KY friluftsliv er relevant seier at dei vil vera middels negativ i hovudsak pga. visuelle verknader. *Ingen tiltak-endringar*<br><br>F. Grenseverdiar frå T-1442 er teken inn i føresegner - § 2.6, likeså krav om måling/logg-føring båe for anleggs- og driftsfase. Krav i anleggsfase fra Forskriften §30 er teken inn. Dette inneber og restriksjonar på tid/tidspunkt.<br><br>G. Føresegn 3.3.1 seier at Decom av større objekt ikkje er tillate. Det er føresett at avrenning frå industri skjer via interne reinseanlegg og kontroll før utslepp i fjorden og etter godkjenning av SFRO. *Ingen tiltak-endringar*<br><br>H. Antall sysselsette er rekna til 85 til 170 i anleggsfase som rekrutteres i regionen.. For drift F1 er 75 til 150 direkte sykkelsette og i F2 350 til 500 sysselsette i regionen. I tilleg kjem indirekt sysselsette, jf. KU Lokale og regionale verknader. Om Vindafjord klarer å tilby 50% av desse, eller trekke til som framtidige innbyggere, vert det rimeleg høge tal. *Ingen tiltak-endringar*<br><br>I. Planar og utbyggingar kan medføre verditap eller verdiauke for berørte eigedomar. Dette er det eigne prosessar for i etterkant av eit planvedtak. *Ingen tiltak-endringar.*<br><br>K. Flyfoto og synfaring visar at ca. 60% areal vest for, og 30% aust for fylkesvegen er endra/teken i bruk. – Utbygginga er basert på langsiktige planar, ikkje mange spreidde tiltak.<br>Det visast til notat vedr.. behov for havner og sammenlikning med konkurrerende planer, med bl.a. Statens vurderingar og satsing. |

| | | |
|---|---|---|
| | I. Ønskjer analysar av verditap for bustadar, fritidsbustadar og eigedom.<br><br>K. «*Avtrykket til det omtalte tiltaket vil i stor grad bli plassert på intakte naturområder. Det foreslåtte tiltaket kan derfor sies å være et bidrag til en pågående bit-for-bit nedbygging av natur i Norge.» Skal ein først byggja slike vindturbinar, bør det gjerast på allereie tilrettelagde område som f.eks. Wergeland Base i Sløvåg, Gulen.»*<br><br>L. Det peikast på at havvind er sett på pause og at planfram-legget fører til at mange sit på eigedomar som ikkje kan seljast. | *Ingen tiltak-endringar.*<br><br>L. Framdrift av slike prosessar er usikker. Utlysinga er igangsett i Noreg. Diverre er det slik at lange prosessar skaper utryggleik for privatpersonar og deira eigedomar. *Ingen tiltak-endringar.* |
| **O2.**Fagne AS v/Øystein Melbo | A:Det er jordkablar og luftlinjer innanfor området og før arbeider igangsettast må kabelpåvising bestillast.<br>B. Flytting av nettanlegg må betalast av tiltakshavar.<br>C. Ved behov for auka effektuttak frå straumforsyningsnettet vårt, vil det bli aktuelt å etablera ny(e) nettstasjon(er) innanfor plan-området. Dette bør avklarast i føresegner og eventuelt med eigne planføremål i plankartet. | Ok<br><br>OK -sjå rekkjefølgjekrav 10.1.2<br><br>OK -føresegn 3.3.8., 8.2 og nytt rekkjefølgjekrav 10.1.2 |

| | | |
|---|---|---|
| | D. Trafo/nettstasjon må ha tilkomst for lastebil og oppfylla øvrige tekniske krav.<br><br>E. «*Fagne har dialog med tiltakshaver, som har forespurt om 5 MW strømforsyning. Dette er det ikkje kapasitet til i eksiste-rende nett, så det må utredes tiltak for nettforsterkninger. Det går en 22 kV ledning innenfor planområdet, som kommunisert tidligere er ledningen ny (2017) og bør helst ikke flyttes som en del av ny vegføring. Observerer at dette er nevnt i tilsendt utkast til planini-tiativ/planprogram kapittel. 8.3 Energilova. Den aktuelle høy- spente luftledningen har et rettighetsbelte på 16 meter. I plankartet må det da inntegnes en hensynssone omkring den høyspente luftledningen som følger:*<br>• *Høyspentlinjen (blank line) skal ha en hensynssone med en bredde på 16 meter, dvs. 8 meter på hver side av trasemidte.*<br>• *Høyspent luftledningen må også bli omtalt i planbestemmel-ser og rekkefølgebestemmelser.”* | Krav om dette er innarbeidd i føresegn 3.3.8 frå før.<br><br>22 kv leidninga er vist slik den er bygd i 2017 i plankart. Ny fylkesveg føreset ikkje flytting av den.<br><br>Rettighetsbelte er vist som ‘fareområde’ i plankart iht. rettleiing frå NVE og Kartforskrifta.<br><br>OK, sjå over og plankart.<br><br>OK, sjå føresegn 8.2. og ny 10.1.2 |
| **O3.** Forum for natur og friluftsliv i Rogaland, datert 11.04.2025 (2 dok) | Uttalen er felles for kommuneplanen og Dommersnes:<br>A. «*Vi vil understreke utfordringen som realiseringen av gamle utbyggingsområder gir. Næringsarealet som ble satt av Dommersnes ble satt av i en annen tid, med et annet fokus på natur-, landskap- og friluftslivs-verdier.»* | A. Dette er riktig. Likevel er vurderingane og innhald like grundige som om område ikkje hadde vore godkjent i KPL. Som utgreiingane viser vil konsekvensane for natur og friluftsliv vera ganske like, ved ei utbygging med mindre terrenginngrep og eit meir «tradisjonelt» industriområde. |

| | | |
|---|---|---|
| | B. FNF saknar eit overordna grep frå kommunen si side angåande fjordsystemet sine verdiar for friluftslivet | B. Kommunen har vurdert både behov for industriareal og verdiar knytt til natur- og friluftsliv i tidlegare kommuneplanar og gjer dette og i pågåande revisjon. |
| **O4**. HIM, datert 14.04.2025 | A. HIM har ingen merknader tilknyttet husholdningsavfall og slam.<br>Det bør foreligga en avfallsplan for handtering av næringsavfall. | A. Krav om avfallsplan krevjast ved søknad om bygg, jf. § 2.9, 3.2 og 3.3. |
| **O5.** Haugaland Klatrelag v/Signe Meling, datert den 21.04.2025 | Haugaland Klatrelag (747 medlemmer) har eit klatre- /buldrefelt på Dommersnes, det største og mest samla i regionen<br>«Å miste dette området vil være et stort tap for klatremiljøet på Haugalandet. Dette er delvis belyst i «konsekvensutgreiing friluftsliv», men laget er ueinig at feltet er ueigna for under-visning og difor 'mindre viktig'. | På høyringstidspunktet ville 5 steinar (eit delklatreområde) like aust for dagens fylkesveg ha gått tapt. Etter reduksjon av industriområde BI2 vil 3-4 av steinane bli liggande i naturområde nord for BI2. Berre 1-2 steinar nærast dagens veg vil gå tapt. |
| **O6.** Motvind Norge v/Bjarne Jensen, datert 21.04.2025 | A. Viser til at botnfast havvind i sørlege Nordsjø (Ventyr) er lagt på is.<br><br>B. Viser til at Utsira Nord ikkje vil vera avhengig av norske hamner ut frå ESA-kriteria<br><br>C. Med berre 20-25 flytande havvindturbinar, vil dei fleste hamneområda stå tomme etter at naturen er øydelagt.<br><br>D. Motvind seier at innspel til planprogrammet om klimautslepp, utslepp til luft og vatn ikkje blei tatt omsyn til. Planarbeidet bør difor stansast. | A. Vi kjenner ikkje at planane om Nordsjø 2 (Ventyr) skal vere lagt på is.<br><br>B. Utsira Nord er lyst ut; ESA forhold er avklart og uavhengig av kven av dei to konkurrentane som får tildelinga, er Dommersnes aktuell.<br><br>C. Det vil bli vesentlege fleire turbinar, kanskje 50 på Utsira N og nye område vil koma både i norsk og utanlandske sektorar.<br><br>D. Det er utarbeidd KU for alle nemnde tema, basert på planprogram. Dersom motsegn kan løysast, vil planforslaget kunne godkjennast av kommunestyret. |

| | | |
|---|---|---|
| | E. Peikar på interessekonflikt mellom kommunen som medeigar og mynde ift. fleire lovar.<br><br>F. KU for klimagass gir ei uansvarleg framstilling av mogleg reduksjon som følgje av havvind ved å visa til 7,6 mill tonn CO2e ift. Norges samla utslepp på 50 mill. årleg.<br><br>G. På tross av stor usikkerheit rundt støy frå samanstilling av vindkraftturbinar, konkluderast med 'middel negativ konsekvens'.<br><br>H. Stiller spørsmål om korallførekomst ved planlagt kai er tilstrekkeleg vurdert.<br><br>I. Påstår saksbehandlingsfeil fordi statlege fagetatar som Fiskeridirektoratet og | E. Ei mogleg interessekonflikt mellom myndigheit og eigarskap i kommunen er ryddig handtert.<br><br>F. Det hevdast ikkje i KU'en at norsk vindkraft vil kunne spara 26,8 mill. tonn pga. energimiks i Europa, men 7,6 mill er relevant. KU'en er tydeleg på at det manglar klare regler i EU og verda korleis CO2e innsparingar oppstraums skal reknast for vindkraftproduksjon.<br><br>G. KU-vurderinga er korrekt iht. Veileder M-1941 og kap. 7.4.1.<br>Et eksempel på et prosjekt som kan gi enten middels eller stor negativ konsekvens er utbyggingen av et terminalområde. Støykilder er lasting/lossing, aggregater og strømtilførsel for kjøling av containere, lokomotiv på tomgang, skip med aggregat, vegtrafikk, og flere mindre kilder. Dette gir et stort innslag av varierende støynivå, impulslyder og høye maksimale lydtrykknivåer på natt.<br>Dette betyr at det blir auka nivå for nærmaste naboar, impulslyd, men at grenseverdiar ikkje overskridast.<br><br>H. Det er påvist 'spreidde førekomstar av korallar, men det må vera tett førekomst for å bli definert som korallskog og for å vera raudlista. Funn ligg ved store djup i god avstand frå planlagde kaiar.<br><br>I. Dette er ikkje riktig. Fiskeridirektoratet var høyrings-part både då planprogrammet blei sendt på høyring og har akseptert metode/innhald i KU-en, sjå 1.3.7. Fiskeridirektoratet har uttalt seg til planforslaget (30.04.2025) og skriv: *«Vi vurderer fiskeriaktiviteten til å være relativt liten og at utøvelse av fisket ikke vil blir vesentlig negativt påvirket av planen.»*. |

| | | |
|---|---|---|
| | Havforskningsinstituttet ikkje er inkludert i «programbeskrivelsen for kartlegginga». | *Merknaden fører ikkje til endringar.* |
| **O7.** Vikebygd Grendautvalg, datert 21.04.2025 | A. Vikebygd er splitta i synet på planane for Dommersnes. Dette gjeld også styret for Vikebygd Grendeutvalg (VGU) som skal representere begge «partar» i sin uttale. Det er kommunestyret si oppgåve å ta valg i denne saka – ikkje Grendeutvalget.<br>Bevar Ålfjordens Perle (BÅP) er motstandarar av full utbygging og har underskrifter frå totalt 790 personar med støtte til BÅP sitt syn. - av desse er 194 Vikebuar.<br>Det visast til BÅP si grundig uttale til konsekvensutgreiinga.<br>VGU meiner at aktivitet på dagens industriområde/fase<br>1 sjåast positiv, mens fase 2 og 3 skaper uro og delte meiningar.<br><br>B. Bygda er opptatt av sikring av barnehage/skule, tiltak for å stimulera busetting, slik at det kan bli nye bebuare og mindre dagpendling.<br><br>C. Dagens veg er ikkje dimensjonert for anleggstrafikk, sjølv med tilsette på brakkar, som kjem i buss. Hovudutfordring er tungtrafikk på dei smale strekningane på vegen. | OK, sjå kommentarer til nr. **O1**<br><br>B. Det er forståeleg, men industrietableringar påverkar dette berre i avgrensa omfang og vil bli veid opp mot andre interesser i ein politisk beslutning.<br><br>C. Det er utført ei «trafikkanalyse, Traf01» som del av utregreiinga. Det har vore tett dialog med RFK/vegeigar. Planforslaget er akseptert av RFK, jf. uttale datert 21.4.2025 – *«Mykje har vorte avklart gjennom denne dialogen, og vi kan sjå at det er ivareteke i planmaterialet».* |

| | | |
|---|---|---|
| | D. Ønskjer kompensasjon av utbygger som ved Peconor som kan nyttast til forskjellige tiltak i bygda.<br><br>E. Ny plassering av eksisterande arbeidsplassar (30 årsverk), er ikkje nærmare omtalt eller avklart. Kor skal 'indirekte sysselsette' lokaliserast?<br><br>F. Lange prosessar genererer usikkerheit som er negativ for bygda. Det bør setjast frist for framdrift og aktivitet på områda. | D. Reguleringsplanen kan ikkje stilla krav om slike kompensasjonar. Bidrag til lokalsamfunnet kan drøftast med tiltakshavar på eit seinare tidspunkt.<br><br>E. Tiltakshaver har ikkje tenkt at dette skal dokumenterast konkret i denne saka. Det er føresett at avtalar med rørte skal løysa det. Der er vurdert at det finst tilstrekkeleg med alternativ i kommunen ev. nabokommunar. Det same gjeld for indirekte sysselsette, som ikkje treng bety nye bedrifter etablert, men som gjev sysselsetjing til andre bedrifter utanfor.<br><br>F. Komplekse planoppgåver er tidkrevjande. Etter planvedtak vil også finansiering og naudsynte løyve krevje tid, før tiltak kan settast i gong |
| **O8.** Bevar Ålfjordens Perle, datert 22.04.2025 | Oversending er ei liste med 66 namn som ikkje hadde høve å sende eigen merknad og som signerte under den komprimerte 'høyringsuttala' til BÅP. | Same tekst, sjå kommentarer til nr. **O1**. |
| **O9.** Sør-Norges Fiskarlag, datert 22.04.2025 | A. *«Fiskarlaget er opptatt av god sameksistens med andre næringar, men stiller samtidig krav til at etablering av andre næringar ikkje går på bekostning av det marine miljø, økosystem, gyte- og oppvekst-områder, og ikkje minst viktige fiskeområde. Det er med andre ord viktig at det ikkje blir tillate utbygging som fortrenger naturgitte og gode fiskeområde og at det ikkje tillatast verksemd som forringer miljøet og økosystem.»* | A. Ingen kommentar. |

| | | |
|---|---|---|
| | B. Peikar på at beslag av areal på og under sjøoverflata bør vera minst mogleg.<br><br>C. Miljøtilstanden i Ålfjorden er kjemisk dårleg, men økologisk god, noko som ikkje bør forandrast i negativ retning.<br><br>D. «*I tillegg må det leggast føringar som sikrar informasjonsdeling, dialog og sameksistens med fiskerinæringa.»* | B. Sjå kommentar til Kystverket 1.2.1, Fiskeridirektoratet 1.3.7 og Statsforvaltaren 1.3.6.<br><br>C. KU for vassmiljø konkluderer med ubetydeleg konsekvens som følgje av lokal spreiing av partiklar frå sjøbotn i anleggsfasen.<br><br>D. Verksemda er pålagt varsling gjennom EFS-systemet til Kystverket som er **forankra i føresegn 7.2.5.** I tilleg kan dette supplerast med dialog blant kjente aktører. https://www.kartverket.no/til-sjos/efs/innmelding-av-rettelser-til-efs |
| **O9.** Veigruppe i Vikebygd Grendalag, dater 22.04.2025 | A. Veggruppa er eit underutval til Vikebygd Grendautvalg, har ein del kommentarer.<br>B. I eksisterande reguleringsplan frå 1980 ligg ny fylkesveg på austsida av Skjeljavikhauen, traseen gir mindre masse overskott, fleire sanerte avkøyringar enn foreslått alt B. | A./B. Løysinga er grundig dokumentert og drøfta med vegeigar (fylkeskommunen) som er einige i konklusjonen. Forskjellen i masseoverskottet er relativ liten i eit stort prosjekt. Det er riktig at det meste av trafikken til/frå området kjem frå sør (jf. trafikkanalyse). Løysinga er utforma iht. full utbygging, der dagens veg blir blindveg for hyttene i sør. |
| **O10**. Bevar Ålfjordens Perle, 67 signaturer, den 23.04.2025 | Sjå nr. **O8.** Ser ut til å vera same liste, annan dato for oversending. | Sjå kommentar nr. **O1/O8.** Ser ut til å vera same liste, annan dato for oversending |

### 1.4 OPPSUMMERING AV PRIVATE MERKNADER TIL PLANFORSLAG ETTER HØYRING – Kronologisk liste med 54 merknader

| Avsendar | Innhald | Kommentar - moglege/naudsynte endringar av planforslaget, supplerande tiltak |
|---|---|---|
| **M1.** Britt Haaland (2 dok.), datert 5.3.2025 | A. Etterlyste stadfesting frå kommunen at dei hadde gått inn med 3 + 5 mill. kr. i Dommersnes AS.<br>B. Det blei heller ikkje stadfesta at det finst avtale om utbygging av havvindturbinar.<br>C. Naturen vil bli øydelagt. Korleis kan politikare godkjenna slike planar utan å vera sikre at arbeidsplassane kjem til bygda og kommunen. Dette verkar som gambling og luftslott.<br><br>D. (brev 2) Ber om at areal avgrensast til areal som er nytta i dag og da Peconor var aktiv, dvs. 220 daa. | A. Dette er korrekt, noko som ordførar og administrasjonen bekrefta i folkemøte den 4.12.2024.<br>B. Det er riktig at de ikkje finst konkrete avtalar om bygging av havvindturbinar no.<br>C. Som KU viser vil ein del av naturen bli øydelagt/forsvinna. Slike reguleringsplanar må føreliggja før avtalar om utbygging kan inngåast. Det vil alltid vera usikkerheit fram til vedtak om investering. Grunnlaget er nasjonale vurderingar og satsingar som ligger til grunn for en seriøs utbyggingsplan. Reguleringsplan legg til rette for at det kan etablerast verksemd og skape nye arbeidsplassar.<br><br>D. (brev 2) Hensikten er å regulere heile området i KPA. Heile arealet er naudsynt dersom ei stor etablering for havvind skal lukkast på Dommersnes som er ytterlegare dokumentert i «notat vedr.behov for havner..», etter at Statsforvaltaren stilte spørsmål om behov/areal- størrelse.<br>*Ingen tiltak-endringar.* |
| **M2**. Oliver Einarsen (1 dok.), datert 5.3.2025 | A. Tenker at utbygginga vil føre til markant trafikkauke og øydelegging av bygda som fører til fråflytting av fastbuande og hyttefolk. For min eigen del vil eg ikkje flytte frå Skjold til Dommersnes. | A. Utbygginga vil føra til mellombels og varige forandringar både for trafikk og utsjånad. Moglege ulemper som flytting frå bygda og mindre attraktive fritidsbustadar i nærleiken, må avvegast mot fordelane av politikarane. |

| | | |
|---|---|---|
| | | *Ingen tiltak-endringar* |
| **M3.** Rolf Julsrud, datert 05.03.2025 og VK svar, datert 6.3.2025 | A. Spørsmål om signering og tal av personar som signerer ein merknad. | A. Det er innhaldet og som «tel», dette er ikkje ei folkeavrøysting.<br>*Ingen tiltak-endringar* |
| **M4**. Gro Lid, datert 08.3.2025, Gnr. 107/52 og 56 | A. Støyforureining, lyden bærer over fjorden som erfaringen viser (stemmer under tidlegare anleggsfaser). 10 år med masseuttak gir eit omfattande støyproblem. Ikkje alle og bl.a. dei mest støyande lydar er tekne med. Lasting av steinmassar vil og høyrast over fjorden og Sveiosida må læra seg å leva med konstant bakgrundsstøy frå Dommersnes.<br><br>B. Støvforureining. Ei vurdering manglar. Støvforureininga vil bli betydeleg. Kva er konsekvensane for menneske, dyr, landbruksprodukt m.m.<br><br>C. Den visuelle forureininga vil bli betydeleg inkl.lys som vil vera synlege døgnet rundt jf. Bremnes Seashore. Dette vil og gjelda for oppankra havvindturbinar som kan leggast midt i fjorden. Idylliske badestrender på begge sider av fjorden vil bli rørt.<br><br>D. Utgreiing av verditap på eigedom manglar. | A. Støyforurening er utgreidd i samsvar med krav. Statsforvaltar har krevd streng detaljering av krava og kontroll/overvåking som er innarbeidd i reviderte føresegner, sjå § 2.5. Dette gjeld både anleggsfase og driftsfase som vil ha forskjellige lydutslepp.<br><br>B. Støvforureining og luftkvalitet er utgreidd nå. Sjølv om det kan bli merkbare endringar, vil grensene ikkje bli overskridne ved dei næraste naboane, når krav i FOR kap. 30 og T-1552 følgjast.<br><br>C. Det er korrekt og dokumentert at vindkraftturbinar vil vera synleg over eit stort område, sjå illustrajonshefte, side 9 viser krantopp og vindmølleblad.<br><br>D. Plan- og bygningslova har ingen krav til handtering av verditap, verken som utgreiing eller som ev. Reglar for kompensason av dokumentert tap. |

| | | |
|---|---|---|
| | E. Tidlegare aktivitet på Dommersnes har vist ei betydeleg og synlig søppel forureining. Det visast til ei «samla høg belastning lokalt» ut frå KU for marint mangfald. | E. Det skal ikkje koma søppel frå anleggsarbeid på avveier. Men opne areal kan lett føre til at lette deler bles på fjorden. Interne system (YM-plan, HMS-plan) skal sikra at denne og anna forureining ikkje skjer. |
| **M5**. Hilde Vethe Styve, datert 10.3.2025 | A. Eksisterande område er stor nok. Tragisk at så mykje natur skal øydeleggjast, at tiltaket blir skjemmande og lagar konstant støy og forureining.<br><br>B. Kommunen bør spela på lag med naturen og bruka industriareala ein har frå før. | A. Formålet er å regulera området det er behov for og her innanfor avklart område i KPA og tidlegare regulering. Heile arealet er naudsynt dersom ei stor etablering for havvind skal lukkast på Dommersnes.<br><br>B. Kommunen har ikkje så mange industriareal og ikkje areal som er eigna til eit slikt tiltak, der den planmessige sida er avklart på overordna nivå (KPL og Regionalplan).<br>*Ingen tiltak-endringar* |
| **M6**. Jon Magne Svendsbøe, datert 19.03.2025 | A. Støttar BÅP (merknad 1).<br>B. Viser til kartlegging av 6 førekomster av kystlynghei (til saman 64 daa) som vil forsvinna og skal erstattast med restaurering «opp på et massedeponi til slutt».<br><br>C. Industriareal bør avgrensast til ca. 220 daa, det arealet som Peconor brukte i si tid (vist på flyfoto frå 1984), fordi: | A. Sjå kommentar til **O1**.<br>B. Dette er ei fagleg anbefaling frå biologen som kartla terres-trisk mangfald. -Vi er klar over at det er krevjande å restaurera ein slik naturtype og vedlike-halda den i ettertid.<br>Statsforvaltaren og fylkeskommunen hadde ulikt syn og etter drøfting er det ikkje lagt opp til ei løysing med restaurering av kystlynghei, men reduksjon av industriareal i nord.<br><br>C. Areal det visast til, omfattar både areal i fase 1, fase 2 og fase 3 med «brakkeriggane».<br><br>Konsekvensane av utbygging på 1980-tallet blei ikkje tilsvarande vurdert og undersøkt. |

| | | |
|---|---|---|
| | - dette gjev for mange, store og negative konsekvensar,<br><br>- fleirtalet av grunneigarane er i mot,<br><br>- svært få positive konsekvensar for Vikebygd<br><br>- bit-for-bit nedbygging og tap av karbonrike areal,<br><br>- nedbygging av Brunnavika er ikkje ønskeleg,<br>- utfylling og store kaiar er ikkje ønskeleg,<br>- usikkert arealbeslag som hindrar mindre/andre verksemder på Dommersnes.<br><br>Øvrige areal bør gå tilbake til LNF-område. | Blir til sist ei politisk avveging av ulike interesser.<br><br>Det er ikkje mogleg å unngå Brunnavika dersom ein treng større kai/kaiar enn den som ligg i dag.<br>Nye naturområde inneheld som oftast karbonrike areal.<br><br>Som nemnt ovanfor er det behov for heile arealet og det må vurderast andre areal/område for slike bedrifter i kommunen, jf. dialogen med eksisterande verksemd.<br>Planforslaget er ytterlegare redusert mot nord samanlikna med KPA.<br>*Ingen aksjonar/endringar* |
| **M7**. Hilde Berge Kringstad, datert 27.03.2025 | Merknaden kommenterer 8 hovudtema som det er utarbeidd KU for.<br><br>A. <u>Terrestrisk naturmangfald:</u> store konsekvensar, manglande vurdering av langsiktig og kumulative effektar, bindande avbøtande tiltak, manglande strategi mot spreiing av framandartar, eller alternative løysingar (meir skånsame alternativer eller etappevis utbygging). | <br><br>A. Nasjonal metodikk (M-1941, Miljødirektoratet) er brukt, området er ikkje tilsvarande undersøkt frå før. Krav i føresegner er bindande, samt nasjonale krav om t.d. hindring av spreiing av framandartar, må innfriast uansett.- Utgreiing er og gjennomført basert på fastsett planprogram. I dette ligg også vurdering av fasar, jf. BI1 (fase 1 og 2 på vestside av FV og BI2 på austside av FV, samt sprenging ned til kote 3-4 og fasevis/trinn-vis utbygging. |

| | | |
|---|---|---|
| | B. Marint mangfald har same type konsekvensar (1.+2.) med tillegg om fare for sediment-spreiing (3.). Det manglar og vurdering av redusert utfylling i sjø (4.). Forpliktande tiltak er naudsynt. | B. Nasjonal metodikk (M-1941, Miljødirektoratet) er brukt, og konsekvensar er vurdert, jf rapporten. KU-en er basert på maks. utfylling som definert i planprogram. SFRO skal godkjenne utfylling i etterkant og vil stille strenge krav. Ein del av desse er innarbeidd i føresegner. Reine sediment utgjer ingen fare for marint mangfald (SFRO er nøgd med KU-en).<br>Reviderte føresegner krev forpliktande tiltak der det er mogleg ut frå anna regelverk. |
| | C. Folkehelse: Langvarige effektar særleg frå støy er dårleg vurdert. Heilheitleg vurderingar for trafikktryggleik, livskvalitet manglar, likeså løysingar mellom full utbygging og 0-alternativ. | C. Det er vanskeleg å vurdera langvarige helseeffektar på førehand på en sikker måte. Føre-var-prinsippet, regelverk med bla. støymåling, loggføring gjev tryggleik. Slike utbyggingar vil alltid innebera varige endringar for folk i området. |
| | D. Friluftsliv: Opplisting av konsekvensar frå KU med fokus på uklarheiter for visuell oppleving, kumulative effektar, manglande konkrete vurderingar for turstiar og alternativer. | D. Nasjonal metodikk (M-1941, Miljødirektoratet) er brukt, vanskeleg å væra sikker og konkret.<br>Som ovanfor: det er ikkje definert fleire utbyggingsalter-nativ. |
| | E. Klimagassutslepp, F. Vassmiljø, G Overvatn og H Landskap – er gått gjennom på same måte. | Kommentarene til E. til H er ei opplisting av konsekvensar frå fagutgreiingane og dei same generelle ankepunkta (underestimering, manglande kumulativ vurdering, manglande forpliktande krav og manglande alternativer/løysingar mellom 0- og full utbygging. |

| | | |
|---|---|---|
| | I oppsummeringa bes det om en heilheitleg og langsiktig miljøkonsekvensvurdering, konkrete juridisk bindande krav for avbøtande tiltak/kompensa-sjon og alternative utbyggingsløysingar. | Planskildringa gjev eit samandrag. Iht metoden (M1941) er kunnskapsgrunn-laget godt nok/tilstrekkeleg som grunnlag for ei avgjerd. Vurdering av «full» utbygging dekker «worst-case» og tabellen i 9.1 og vurderinga i 9.2 til planskildringa gjev ei samla og heilhetlig overikt over miljø- og samfunnskonse-kvensane. Føresegner er oppdatert med fleire konkrete og bindande krav.<br>*Ingen aksjonar/endringar* |
| **M8.** Olga Lisbeth Tønnesen, datert 28.3.2025 | Eg har ein fritidseigedom i Vikebygd og er bekymra for konsekvensane til utbygging (naturmangfald, landskapet, forurensing, dårlegare helse.) Er undrande til kommunens val og vurderer å gi opp eigarskapet. | *Ingen aksjonar/endringar* |
| **M9**. Bergitte T. Andersen, datert 31.4.2025 (25.3.2025) | Merknaden er opprinneleg sendt til kommuneplanrevisjonen, men skal og vurderast opp mot reguleringsforslaget.<br>Industriarealet bør reduseres fra rundt 530 dekar til omtrent 220 dekar, tilsv. området brukt av Peconor samt dagens etablerte virksomheter.<br>Utvidelse av industriområdet vil ha betydelige negative konsekvenser for fastboende og hytteeiere ift. trafikkbelastning, bokvalitet, naturmangfold (karbonrike områder) og friluftsområder. Oppfordrer kommunen til vern av naturområdene rundt Vikebygd inklusive vindturbiner på fjellene. | Sjå kommentar til **O1 + M5**.<br>Planområdet tar ikkje stilling til dette. |

| | | |
|---|---|---|
| | | *Ingen aksjonar/endringar* |
| **M10.** Kirsten Bakkevig/Odd Steinsholt, datert 7.4.2025 | A. Sjokkert kor dårleg planen er utgreidd.<br>B. Heilt urealistisk plan for uttak av stein mhp. støy og støv.<br><br>C. Ingen god plan dersom det ikkje blir vindmølleproduksjon.<br><br>D. Utredning av eksisterande industri manglar.<br><br>E. Nedbygging av masse natur utan håp om arbeidsplassar til bygda (småskalaindustri bør føretrekkjast). | A. Planforslaget er omfattande utgreidd og iht. krav/rettleiar.<br>B. Planane for steinuttak er omfattande (7-10 år) og støy og støv vil vera handterbar iht. krav.<br>C. Området og kostnadene er for store til å kunne bli opparbeidd utan bidrag frå havvindproduksjon.<br>D. Dette er tenkt løyst med avtalar som inneber omplassering som er privatrettslege forhold som ikkje kan takast inn i reguleringsplanen.<br>E. Utbygging er avklart i tidlegare og overordna planar. Utbygging blir ikkje igangsett utan det konkrete planar om nye industriarbeidsplassar, jf. KU om lokale og regionale2.<br>*Ingen aksjonar/endringar* |
